



**Programmet for 17.mai-feiringa i Uskedalen er klart, og det er bygt opp etter same leist som dei siste åra. Også i år vert starten på dagen markert på ein verdig måte ved at Sigmund Myklebust vil syte for ein salutt som høyrst i heile bygda kl. 7 om morgonen.**

Dei siste åra har gudstenesta vore første post på programmet. Slik er det også i år. Den startar kl.11.15. Det er soknepresten vår Lina Håland som har preika, organist Eva Megyesi syt for orgelmusikk medan Røysterett for alle, tradisjonen tru, krydrar gustenesta med vakker korsong.

Etter gudstenesta, kl. 12.30, er det kransenedlegging ved Bautasteinen. Også i år les 5.klassingane Olaf Agnar Gausvik sitt dikt medan Uskedal musikklag syt for musikken.

Like etter denne markeringa går folketog der Uskedal skulemusikk syt for marsjmusikk. Toget går først til Stemneplassen der det vert minnemarkering med minnetale av Kristian O. Bringedal, blomenedlegging og Kongesongen. Deretter held folketog fram ned ved elva, rundt campingplassen, opp Sanda-vegen og til skulen.

På skulen vert det først leikar samstundes som det vert selt mat og forfriskningar. Kl.15.15 skal det vera klart for hovudprogrammet der nyttilsett rektor ved Rosendal ungdomskule(og mykje meir) Bjørn Olav Tveit skal halda talen for dagen. Elles vert det som vanleg song og musikk av Uskedal skulemusikk, Røysterett for alle og Uskedal musikklag. Det vert også trekning av gevinstar på dei opptrykte programma som vert selde på førehand.

Elles vert det meldt at det ikkje vert fest i bedehuset om kvelden dette året.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Framsida på opptrykt program.